



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	16. september 2022 kl. 12:15 – 13:30
Møtestad:	Helsehuset i Nordhordland
Møteleiar:	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
Til stades:	Brita Træbakken (brukarrep.), Olav Lødemel (Helse Bergen, Voss sjukehus), Eystein Hauge (Kommuneoverlege, Voss), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss), Åslaug Bøhn Botnen (Kvam), Åshild Sønsteby (Ulvik), Atle Grung Eide (brukarrep.), Line Lie (fagforbundet), Trude Hjortland (SSE) og Reidun Braut Kjosås (SSE)
Fråfall:	Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Hans Olav Instefjord* (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes* (Helse Bergen), Ansgar Berg* (Helse Bergen), Elfrid Nerland Haukenes (fastlege, Vaksdal)
Referent:	Reidun Braut Kjosås (SSE)

**Deltok i fellesoppstartmøte, men då alle OUa hadde parallelle møter kunne ikkje Helse Bergen sin representantar vera fleire stader på same tid. Dei fordelte seg i ulike OU. Olav Lødemel deltok frå Helse Bergen i OU Voss.*

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
01/22	Presentasjonsrunde Kjersti Nordanger innleia møtet. Alle som var til stede i utvalet presenterte seg og sa litt om sin rolle i utvalet og kvifor dei var representert i utvalet. Det er eit ønskje at representantane i OU Voss melder tilbake til SSE/Reidun kven som er vara representant. Sjå vedlagt presentasjon for oversikt over medlemmane i utvalet.	
02/22	Konstituering Utvalet konstituerte seg med leiar og nestleiar. <ul style="list-style-type: none">• Leiar: Kjersti Nordanger (Voss herad)• Nesteleiar: Olav Lødemel (Helse Bergen, Voss sjukehus)	
03/22	Møteplan Utvalet vart samde om møtedatoar <ul style="list-style-type: none">- 15.nov 2022- 2. feb. 2023 Møtestad: Voss sjukehus. Utvalet vurderer ved eit seinare høve om møtestad skal variera.	

	<p>Møtetidspunkt: kl. 09:00-12:00. Tidspunkt og lengda på møta kan endrast ved behov.</p> <p>Reidun (SSE) sender kalenderinnkalling.</p>	
04/22	<p>Forventningsavklaring</p> <p>Det ble god dialog omkring forventningar til områdeutvalet og kva saker som skal jobbast med.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sikra god pasientflyt, saumlause pasientforløp. Bidra til å lukka skilje mellom 1. og 2. linja. - prioritera utvalde utsette grupper. T.d. barn og unge, rus og psykiatri - Førebygging - Desentraliserte helsetenester - Ønskje om å arbeida med konkrete problemstillingar. - Brukarorientert 	
05/22	<p>Eventuelt Økonomi</p> <p>I Voss lokal sjukehusområde har kommunane og føretaket betalt ein årleg kontingent. Gode samhandlingstiltak i regionen har kunna søkt samarbeidsrådet om støtte. Med ny organisering og endra samansetting av utvalet er det behov for å sjå nærmare behovet for endring av budsjettet.</p> <p>SSE tek med seg innspelet i vidare arbeid.</p> <p>Underutval</p> <p>I Voss lokal sjukehusområde finst det i dag 5 underutval. Det har vore nokre spørsmål om desse skal fortsetja. Inntil vidare fortsett dei som før, men områdeutvalet bør ha oppe ei sak om dette relativt snart. Skal alle underutvala halda fram som no? Skal nokon slå seg saman? Er det behov for nye underutval? Skal utval avsluttast?</p>	